

Teiknforklaring

P

Parkering

i

Informasjonstavle

⌘

Attraksjon

🏔

Utsiktspunkt

●

Utfordrande område

—

Noverande tursti

- -

Planlagd tursti

—

Andre turstiar i området

Fakta om turstien

Planstatus: uregulert

Byggeår: ikkje bygd enno

Kontaktperson i kommunen:
Rune Håvåg

Lengde turveg:
Sollibotn-Øvre Stølen: ca. 1.6km
Prestegardstien: ca. 800m

Heilårsbruk: ja, lite snø

Stiane er sentrumsnære og i nær dei fleste bustadane i Eivindvik. Reguleringsplan bustadområde ca. 30 bustader i nærleik til stiane

Utforming


Turvegtype: skogssti med treplankar over våte parti. Delvis grasdekt sti

Dekkekvalitet: stein, berg, myr, gras.Svært varierande

● Brattaste stigning: 1:4 m

Leiekantar: dårlege, treng vegetasjonsoppdrydding

Tersklar: ulent/kupert skogssti



Skildring av turstien

Turstien er ein del av Nordsjøløypa som går frå Sollibotn til Gulating ved Flolid. Stien består av to delar, med eit bustadområde som opphald i stien (ca. 600m). Denne etappen består av ein roleg og lite trafikkert asfaltveg.

Den første delen av den eksisterande turstien startar ved industriområdet, eit lite stykke frå kaia i Sollibotn. Den endar i bustadområdet Øvre Stølen i Eivindvik. Den framtidige stien er tenkt som ein vidareføring og utbetring av den eksisterande stien, med startpunkt nærare kaia. Den andre delen, Prestegardsstien, går langs prestegarden (steingjerde/mur) frå Gulen sjukeheim til Haugane. Stien startar i sentrum i nærleik til både bustadar og parkeringsplassar.

Utfordring - sentrumsnære og universelt utforma turstiar

For bruk av dei to stiane er dagens situasjon lite eigna for dei med nedsett funksjonsevne, og folk med barnevogn . Med eit ynskje om å skape turløyper som er tilrettelagt og tilgjengeleg for alle, og ein låg terskel for aktivitet, treng dei eksisterande turstiane ein oppgradering. Stien består av svært varierande dekke, med ein ny grusveg vil løypa få ein større heilskap og bruk. Ved å tilpasse stien til terrenget kan ein unngå å fjerne det eksisterande/fylle inn for mange plassar.

Topografien gjer det utfordrande å få til universelt utforma løyper på område med mykje stigning. Ved å dele inn stigningane i fleire kortare strekningar, med utvida område for kvile, samt passasje, vil området vere lettare framkommeleg for fleire.

Kvalitet

Det er vanskeleg å få til ein rundtrase på dette området, men med den asfalterte vegen gjennom sentrum, og vidare ut mot Sollibotn, kan kombinasjonen av tursti og veg gi ein god runde.

Store delar av turløypene går gjennom slakt terreng. Turstiane er i nær tilknytning til område der folk bur og oppheld seg, og blir dermed mykje brukt. Dei ulike naturopplevingane gjev turvegen ein ekstra dimensjon. Langs traséen kan ein oppleve kupert kystlandskap, skog og kulturlandskap. Å skape variasjon langs løypa, og tilpassa terrenget, gjer turen meir spennande. Området rundt prestegarden er spesielt av høg kulturell og historisk verdi.

Skilting og merking

Parallelt med Nordsjøløypa sin merking er stiane merka både med raudmalte retningsmerke, og med visningsskilt for turstiar i området. Informasjonsskilt med kart, løypeinformasjon, historie og liknande manglar.

Utsikt frå toppen av kleiva mot Sollibotn.

Langs stien er det naudsynt med fleire plassar å kvile, det er mange flotte stader som eignar seg til dette.

Prestegarden sto ferdig i 1825, og er 1,5km lang. Stien går langsmed steingarden.

På Krossteigen i bakken opp frå kommunehuset står den eine av to gamle steinkrossar i Eivindvik. Rett nedanfor den angliske krossen ligg ei vasskjelde, som skal ha vore ei heidensk offerkjelde.

STIV KULING AS

/// ARKITEKTUR NATUR STADUTVIKLING

Teiknforklaring

- Parkering
- Rasteplass
- Informasjonstavle
- Attraksjon
- Utsiktspunkt
- Leikeplass/leirplass
- Planlagd ny tursti
- Andre turstiar i området
- Utfordrande område
- Forslag utvida område/kvileplass

Ny tursti

Lengde:
Sollibotn-Øvre Stølen: ca. 1.7km
Prestegardstien: ca. 980m

Utforming, dekke og material

Planlagd dekkekvalitet: fast
grusveg

Brattaste stiging: 1:10,5

Tersklar: jamnt og fast underlag

Bruk i størst mogleg grad
naturlege og holdbare material
med enkelt vedlikehald.


Nytt dekke: topplag av
sjølvkomprimerande grus (med
kornfraksjonar frå 0-16mm) viktig
at grusen er fast og set seg godt

Grus: lys grus, kontrast til
terreng. Gjerne kvit grus av
god kvalitet (referanse Gulating
ved Flolid)

Naturstein/betong om naudsynt:
bruer og oppbygging, samt
utforming av rasteplassane (til
benkar og bord t.d. grå granitt)

Tre: vêrbestandig og slitesterkt
tre til benkar, bord, skilt,
grillhytte, apparat osv.
Anbefaling: kjerneved av furu av
god kvalitet og detaljering (evt
trykkimpregnert furu klasse AB).

Forslag tiltak og løysningar ved utfordrande område i løypa



Situasjonsplan framtidig sti

Fire utfordrande område med forslag til løysning:

- Kleiva i siste del av stien frå Sollibotn til Øvre Stølen er bratt og smal. For å gjere stigninga overkommeleg for fleire bør den gjerast breiare, slakkare og med plassar for passasje og mogleg kvile undervegs. Terreng. Gjerne kvit grus av god kvalitet (referanse Gulating ved Flolid). Ved å vide ut stien og legge den litt nedanfor dagens sti blir stigningsforholdet 1:12,3 (før 1:4). På toppen av kleiva bør det utformast ein rasteplass.

- Stigninga rundt prestegarden på begge sider er bratt og kronglete. Ved å dele opp stien i kortare etappar blir den enklare å bruke.

Side A: Ved å strekke stien så langt mot den gamle stien (tregrensa) og mot muren på den andre sida som mogleg vil etappane (ca.115m tilsaman) få gjennomsnittleg stigningstal på 1:10,5 (før 1:4,5).

Side B: Her bør ein nytte høve til å plassere stien inn i skogen, i tilknytning til ein leir-/leikeplass og for å skape ein meir spennande vandring. Stigning 1:11 på det brattaste.

På toppen mellom stigningane bør det utformast ein rasteplass.

- Dumpa ved brua i Prestegardsstien treng utbetring. Her bør det fyllast/byggast opp for å gjere tilkomsten betre for alle. Stien kan leggst på oppsida av den eksisterande for å legge ein mest mogleg jamn veg og overgong til brua. Gjennomsnittleg stigning 1:10,5, bør bli slakkare.

Generell utfordring: Små bekkar

- Der det er vanskeleg å legge grusveg er det mogleg å lage små steinbruer (evt tre) over. Oppbygginga bør vere mest mogleg i takt med den eldre steingarden. Så langt det let seg gjennomføre bør utforminga av småbruer bestå av stein og steinheller, og ein bør prøve å unngå innlegging av røyr, betong eller sprenging da det bryt veldig med naturen og den tradisjonelle byggemåten.



Utforming veg

Vegbredde 1,5 m
Samla ryddebredde 2 m
Unntak ved bruer og der terrenget tilseier det 0,9-1 m

- Breiare område er anbefalt kvar 50-150m for passasje og høve til kvile for å oppnå ein meir brukarvenleg og universell utforming (bør vere minst 1,8 breidde). Auka breidde i vanskelege parti og svingar kan òg vere ein fordel.

Tverrfall bør vere så lite som mogleg.

Stigningsforhold

Det er viktig å halde seg mest mogleg innanfor stigningskrava, med avbøtande tiltak på vanskelege parti, men i prinsippet skal terrenget si naturlege arrondering i størst mogleg grad bestemme traseføringa.

Brattaste stigning 1:10,5 (ca. 110m)

Tiltak: rasteplass på toppen av stigninga, eventuelt i tillegg setje inn ein benk/kvileplass (flatt parti) midt i stigninga.

Lange stigningar bør ikkje forekomme og bør derfor brytast med korte, flate parti.

Stigning/fall med lengde (for definisjon turveg):

	Anbefalt:	Maks:
Over 100 m	1 : 20	1 : 12
Under 100 m	1 : 12	1 : 10

Rekkverk

Der høgda til bakken blir meir enn 50 cm bør det setjast inn rekkverk og markering/oppkant. Dette både for tryggleik og til støtte. Rekkverket bør vere minst 90cm høgt.

Naturen

Det er viktig å vare på verdifulle område og enkeltelement. For minst mogleg terrenginngrep, skade og slitasje på naturen er den eksisterande stien i stor grad nytta ved val av den nye turstien sin trasé. Det er viktig med god terrengtilpassning. Unngå unødvendig sprenging/graving/fylling og la store tre stå. Området treng vegetasjonsrydding før den nye stien vert laga.

Belysning

Kan vere belyst, i såfall bør dette knytast til eksisterande straumføring, og skjermast best mogleg.

Skilting/merking




Det er viktig å gi turgåarane tydeleg og relevant informasjon om både løypa og andre opplevingar frå start til slutt slik at det er lett å ta seg fram på ein hensiktsmessig måte.

Unngå for mange ulike typar skilt og unødvendig informasjon. Ved å vere konsekvent i fargebruken på kart og løypemerking skapar ein samanheng.

Visningsskilt som angir retning og avstand bør lagast i eit vêrbestandig materiale. Merking kan gjerast på naturen eller på eigne stolpar og bør skape ein kontrast til naturen.



I starten og slutten av løypene bør det også finnast ein meir utfyllande informasjonsplansje med kart, info om løypa, lengde, viktige punkt osv.

Utforming grussti og bruer




Snitt veg i myr og små bekkar

Ved spesielle grunnforhold, eksempelvis myrområde, bør det foretas nærare grunnundersøkingar for å kartlegge myrdybder, drenering etc. Stien bør helst leggjast oppå myra, unngå graving.



Snitt oppbygging bakke

For å gjere vegen breiare må den byggast opp. Situasjonar med mykje tverrfall treng og oppbygging. Dette kan gjerast med stein og grus, eller på utfordrande stader med rist bora ned i fjellgrunnen. Der oppbygginga blir høg bør det setjast inn rekkverk.



Fjell i dagen/ vanleg veg

For å unngå unødvendig sprenging kan passasjane vere smalare nokre plassar (90-100 cm). Stien bør leggjast rundt berga der det let seg gjere.




Bekkar/bruer

Det er viktig med trinnfri overgang til bru, ved å bygge opp med steinar, helst likt tradisjonell bygging i området unngår ein store overgangar og kantar.

Nye bruer kan gjerne byggast av store steinar der området tillet det (t.d. over små dumper). Bruer bør vere minst 90cm breie.

Utrustning



Krydder langs vegen

Undervegs langs stien er det fint å kunne ta ein pause, ved å lage to gode rasteplassar, samt ein leike/leirplass får både voksne og born høve til kvile, leik og samvær. Dette kan og bidra til auka bruk av stien, meir fysisk aktivitet og gode naturopplevingar. Nokre spesielle situasjonar langs stien eignar seg spesielt godt til slike føremål.

Pusterom

Den første rasteplassen ligg på toppen av kleiva mot Sollibotn. Her er det flott utsikt, og fjella skapar ein turr og passande stoppestad - ein bonus etter bakken.

Rasteplass nummer to er plassert ved det høgste punktet langs prestegardsmuren. Her sto det før i tida ein flor (fjøs), og fundamentet i stein utgjer eit flatt og fint område, med utsyn mot sentrum i Eivindvik, krossen og Olavskjelda. Da området er sørvendt er det ein solrik og nokså lun plass.

Eldstad og leskur

For born i alle aldrar er det kjekt med ein leirplass beståande av grillhytte, leikeapparat og fin natur.

Eldstad/grillhytte gir ly og kan brukast året rundt. Med ei open utforming er denne lett tilgjengeleg for ålmenta.

Leskur som óg kan nyttast til eventuell overnatting krev ikkje meir enn eit tak og eit underlag, og kan difor ha ei sær s enkel utforming.

Leik og trim

Med leikestativ/treningsapparat for store og små kan plassen nyttast til ulike aktivitetar. Trimstasjonen bør vere enkel, her bør ein vurdere formål og hensikt, kanskje leikeapparata kan nyttast som til både leik og trening?

Informasjon

I tillegg til informasjonsplansjar og skilting ellers på stien kan det vere moro for borna om det vert sett opp plansjar med aktivitetar i skogen (i tråd med speidaraktivitetar, Hakkespettboka), informasjon om naturen, fuglar etc.

Ved trimapparat kan det óg vere nyttig med ein enkel forklaring av mogleg bruk.

Anna utrustning langs vegen:


- Søppelstativ, plassert strategisk, men ikkje skille seg ut
- Rekkverk, bør utformast i tråd med øvrige bygde element for heilskap langs vegen

Prinsipp for bygging

Det er ein fordel om det som skal byggast er enkelt å bygge, slik at det kan foregå på dugnad/ haldast ein workshop om det er ei alternativ løysning.



Den lyse grusen som er lagt på Gulating ved Flolid.



Ein finn mykje flott steinarbeid i området.



Apparater i tre for utandørs trening og leik.



Kaels studio: apparater i tre for utandørs trening og leik.



Referanseprosjekt/inspirasjon